

**Fråhaldsvise**

Amerikansk neo-trad. 1940-talet(?)

Her stiller me losjen, ein hard liten tropp.  
 Gje kvar mann vil bråsnu og flaska gje opp.  
 Tobakk tek eg ikkje, for det er eg fjåg.  
 For brennevinslaven han røykjer vel, og.

Ref.:    Stopp opp og høyr, lat drykken stå!  
          Lat drykken stå, lat drykken stå!  
          Stopp opp og høyr, lat drykken stå!  
          Kast flaska og kom fram i ljoset.

Eg et ikkje brødmat, i brød er det gjær.  
 Og tek du ein bit, ja, då ille du fer.  
 Ei skam er det viss'leg, det legg deg på sinn:  
 Å liggja i grøfta med smular på kinn.

Ref.:    Stopp opp...

Eggedosis er färleg, i den er det rom.  
 Ei teskjei er nok til å gjera deg dum.  
 Og sidan me står her, ein tanke til sist:  
 Å eta seg full, ja, det syns me er trist.

Ref.:    Stopp opp...

Sjå han som et bakverk, han slår sine små,  
 han bankar si kone til dess ho vert blå.  
 Han døyr som han levde, han går her ifrå  
 med lukt av rosiner, av sprit og Bordeaux.

Ref.:    Stopp opp og høyr, lat drykken stå!  
          Lat drykken stå, lat drykken stå!  
          Stopp opp og høyr, lat drykken stå!  
          Kast flaska og kom fram i ljoset.

Norsk © SR 1968

**Fråhaldsvisa vil bli sunge laurdag ettermiddag  
under Allsong ved sjøkanten.  
Systrene Nilsen er staden.**

Svein Rimestad, til dagleg veteranær,  
er meister for mange gode viser oog songar

Nett:Ola Matti Mathisen

**KLIKK PÅ TEKSTEN SÅ VERT HAN LESBAR**